
Saksnr: 2021/19226-6
Saksbehandlar: Eva Kristin Svidal

Ikkje offentleg: jf. offl. § 26 2. ledd, kandidat til utmerking

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		26.10.2021

Tildeling av folkemusikkstipend 2021

Forslag til vedtak

Søkn. nr.	Søklar	Stipend	Tilrådd sum
1	Lars Tørresen	Folkemusikkstipend	60 000 kr
2	Arve Berg	Folkemusikkstipend	25 000 kr
3	Signe Førre	Folkemusikk Ung - stipend	25 000 kr
4	Mathilde Skjæret	Folkemusikk Ung - stipend	0

Samandrag

Denne saka gjeld tildeling av Vestland fylkeskommune sine folkemusikkstipend for 2021.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Bård Sandal
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Oversikt søkjarar folkemusikkstipend
2021

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Generelt:	
Vedtakskompetanse: Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.	
Budsjett 2021:	110 000 kr av totalt 1 038 000 kr på budsjettposten Stipend skal fordelast på 3 folkemusikkstipend. Eit folkemusikkstipend á 60 000 kr To Folkemusikk Ung-stipend á 25 000 kr
Ekstra midlar til kunstnarstipend:	KULII gjorde i sitt møte 8. september 2021 vedtak i PS 101/2021 om å sette av 700 000 kr ekstra til kunstnarstipend. Dette gjeld tilskotsordninga kunstnarstipend og påverkar ikkje kor mykje som skal nyttast til folkemusikkstipend som er ei eiga stipendordning under same budsjettpost.
Søknadsfrist 2021:	1. juni 2021
Vedtak kriteria:	KULII 21. april 2020, PS 59/2020 KULII 23. mars 2021, PS 34/2021
Kriteria og informasjon om ordninga:	https://www.vestlandfylke.no/kultur/kunst--og-kulturutvikling/folkemusikkstipend/
Tal på søknadar:	4
Tal på søknadar som vart tildelt støtte:	3
Samla løyving:	Sum kr. 110 000

Føremål med ordninga

Vestland fylkeskommune har teke eit særskild ansvar for folkemusikkfeltet og den immaterielle kulturarven, og ønskjer gjennom folkemusikkstipenda å oppmuntre til kunstnarleg utvikling og eksperimentering. Ordninga skal styrke og sikre arbeidet med immateriell og handlingsboren kulturarv.

Stipenda kan tildelast muskarar, songarar og dansarar og dei som arbeider med dokumentasjon, formidling eller instrumentbygging. Stipenda er meint å gje høve til ein periode med fordjuping og/eller fagleg påfyll og utvikling.

Det vert ikkje gitt støtte til offentleg godkjend utdanning som til dømes gjev rett til studielån. Det vert heller ikkje gitt støtte direkte til utstyr og instrument.

Søknader og vurdering

Det vart lyst ut følgjande stipend med frist 1. juni 2021:

- Folkemusikkstipend - eit stipend á 60 000 kroner
- Folkemusikk Ung - to stipend á 25 000 kroner til søkjarar under 30 år

Stipendordninga har vore lyst ut i samsvar med retningsliner for annonsering av tilskot til kultur, idrett og inkludering. Tilskotsordningar blir annonsert fire gongar i året, i februar, juni, august og desember, men ein overordna tekst som viser til informasjon og fristar på nettsida. Det har ikkje vore eiga annonsering for ordninga. I tillegg har institusjonar og organisasjonar som er involvert i fagkomitéarbeidet formidla informasjon om stipendordninga i sine kanalar.

Vestland fylkeskommune har mottatt 4 søknader. 2 søkjarar er under 30 år og kan vurderast til Folkemusikk Ung - stipend, og 2 søkjarar er over 30 år og kan vurderast til Folkemusikkstipend. 2 kvinner og 2 menn som har søkt.

Talet på søknader til stipendordninga har vore låg både i 2020 og 2021. Ei årsak kan vere pandemi-situasjonen vi har vore i. Fylkesdirektøren vurderer at kan vere behov for å sjå på kriteria for ordninga på nytt i lys av søkjartalet. Det vil også vere naturleg å sjå på fylkeskommunen sitt ansvar for folkemusikkfeltet opp mot arbeidet med regional plan for kultur.

I følgje innretting og kriterium for stipendordninga skal ein rådgjevande fagkomité vurdere søknadene og komme med ei innstilling. Alle organisasjonane/institusjonane som i 2020 vart bedd om å nemne opp medlemmar har gjort dette. Medlemmane sit i 2 år.

Fagkomiteen for folkemusikkstipend perioden 2020 - 2021 er:

- Førdefestivalen - Sølvi Lien
- Osafestivalen - Ida Dyrkorn Heierland
- Sogn og Fjordane folkemusikklag - Dagfrid Vallestad Brevik
- Hordaland folkemusikklag - Per Øyvind Tveiten
- Sogn og Fjordane ungdomslag - Olaf Skjerdal
- Hordaland ungdomslag - Øystein Rambjørg
- Hardingfela.no - Rannveig Djønne (sekretariat for komitéen)

Fagkomitéen for folkemusikkstipend hadde eit digitalt møte 23. september 2021, og har komme med si grunngjevne innstilling på grunnlag av ei skjønsmessig vurdering av aktivitet og kvalitet.

I følgje innretting og kriterium for ordninga blir det ikkje lagt fram offentlege vurderingar av andre enn dei nominerte kandidatane.

Ein av søkjarane som kan vurderast til Folkemusikk Ung - stipend ønskjer å nytte stipendet til kjøp av utstyr. I innretting og kriterium for ordninga er det presisert at det ikkje blir gitt støtte direkte til utstyr og instrument, og søknaden er vurdert til å ikkje stette kriteria for ordninga.

Fagkomiteen sto difor igjen med tre kandidatar som stettar kriteria. Alle søknadene er gode og representerer mangfaldet innan folkemusikken. Fagkomiteen har valt å innstille alle desse tre til stipend sjølv om berre ein av søkjarane er under 30 år. Fagkomiteen ønskjer at ein i 2021 fordeler dei 3 folkemusikkstipenda slik:

- Folkemusikkstipend - eit stipend á 60 000 kroner
- Folkemusikkstipend - eit stipend á 25 000 kroner
- Folkemusikk Ung - eit stipend á 25 000 kroner til søkjarar under 30 år

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet til å slutte seg til fagkomiteen si innstilling. Ut frå søknadene til ordninga i 2021 oppfyller innstillinga føremålet med ordning på ein god måte.

Følgjande søkjar er innstilt til folkemusikkstipend på 60 000 kr

Lars Tørresen (født 1964): Byggje «Den norske lutten» - utforska klang i ein ny type lutt spesielt bygd for slåttespel.

Lars Tørresen er ein instrumentmakar med mykje erfaring, stor kunnskap og stort nettverk både i inn- og utland. Han har jobba som instrumentmakar på profesjonelt nivå i 30 år, og har levert ein sær s grundig søknad. Han ynskjer å bruke stipendet til å byggje «Den Norske lutten», og plassere den i norsk tradisjon og på det internasjonale musikk-kartet. Han ynskjer å byggje instrumentet han alltid har sakna: Ein lutt med tarmstrengar, 5 kor og mange bordunstrengar som klinger med. Kroppens form og klang skal utforskast og dekorerast i norsk tradisjon.

Prosjektet byggjer på lang erfaring både kunstnarleg og handverksmessig. Gjennom arbeidet med den norske lutten ynskjer han å:

- Arbeide forskande og metodisk med klang i instrument for folkemusikkutøvarar
- Vidareutvikle seg innanfor tradisjonshandverk og treet sine moglegheiter som akustisk medium
- Formidla kunnskap til studentar i estetiske fag gjennom praktisk og kunstnarleg arbeid.

Lars Tørresen kjem til å bidra med verdfull kunnskap inn i instrumentmakarverda gjennom sitt arbeid med den norske lutten.

Følgjande søkjar er innstilt til folkemusikkstipend på 25 000 kr

Arve Berg frå Bergen (f. 1968) - Hardingfele. Formidling og vidareføring av turdansmusikken på hardingfele brukt i og omkring Bergen, Midthordaland og Nordhordaland til yngre utøvarar

Kontradansar er det norske ordet for tur- og formasjonsdansar som vart brukt i England og Frankrike på 16 og 1700-talet. Desse kom til Noreg på 1800-talet og Klara Semb innførte dei som folkedansar frå 1920-talet og utover. Gjennom nesten 40 år har Arve Berg lært seg musikken frå hovudlæraren sin i desse åra, Finn Vabø. Musikken har alltid vorte nytta på dansefestar, 17- mai tilstellingar og folkloreframsyingar for turistar både i inn- og utland. Arve Berg ynskjer å vidareformidla denne musikken til yngre utøvarar i samarbeid med Bergen Ungdomslag Ervingen som har dansekunnskapen.

Arve Berg har vore aktiv i opplæring av yngre spelemenn, og var mellom anna med på å skipe Bergen Juniorspelemannslag i 2003. Han er spelemann til Strilaringen som har delteke på festivalar i inn- og utland i 15 år. Komitéen ser særst positivt på at han no ynskjer å formidle vidare kunnskapen kring turdansar til yngre generasjonar.

Følgjande søkjar er innstilt til Folkemusikk Ung stipend på 25 000 kr (til søkjarar under 30 år)

Signe Førre frå Voss (f. 1994) - Fordjupa seg i folkemusikk frå ulike kulturar og tur til Serbia

Signe Førre er ein særst dyktig og spanande utøvar som kombinerer mellom anna jazz og folkemusikk. Ho har både kontrabass og vokal som hovudinstrument og kombinerer gjerne desse to i Signe Førre kvartett. Lærarane hennar har vore mellom dei fremste i sine sjangrar. No ynskjer ho å fordjupa seg i folkemusikken i land som Noreg, Serbia, Bulgaria, Bosnia-Herzegovina, Nord-Makedonia og Tyrkia samt songteknikkar frå Balkan. Dersom mogeleg ynskjer ho å reise på kurs til Serbia for å læra meir om deira folkemusikk, folkedans og språk for å få større fagleg tyngd og truverd når ho framfører deira musikk på konsertar med Signe Førre kvartett.

Signe Førre er ein utøvar me kjem til å høyre mykje til framover, og vil vera med på å utforske og strekkje grensene til folkemusikken både frå Noreg og andre land.

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar/stipendordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken i Vestland fylkeskommune.

Klima: Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at dei tildelte stipenda vil gje monaleg klimaavtrykk.

Folkehelse: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Tilskotsordningar er eit av verkemidla for å følgje opp viktige satsingar i dei to gjeldande regionale kulturplanane.

Konklusjon

På bakgrunn av fagkomiteen si innstilling gjer hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtak om tildeling av folkemusikkstipend for 2021.